# Tilleggsliste til nr. 7, Skav.

N.-Tr.
Verdal.
Johs. Dahl,
Verdal

1 Har aldri høyrd at kyr som var fora med skav skulle vera meir verdfull enn dei som ikkje hadde fått skav.
2 Har ikkje høyrd at kyr som var fora med skav, skulle få svart kjøtt.
3 Dei trudde ikkje at mjølka frå ei ku som var fora med skav skule vera farleg for kalvar eller smågriser. Tvert i mot, kalvane hadde godt av det.
4 Da skav var berre eit hjelpefor i dårlege forår, er det ikkje råd å få veta kor mykje dei skav det året.
5 Her brukte dei som før sagt, berre ein vanleg tollekniv å skave med.
6 Fell bort
7 Hadde dei ikkje rogn sjølv, fekk dei hogge litt hos ein granne. Det var aldri snakk om skavskog i kjøp og salgardar. Heller ikkje var det så at dei leigde skavskog av naen. Kjøpte heller ikkje slagteigar for å få med skavskog.
8 Ved deling av sameigeskog, vart det aldri teke noko omsyn til skavskogen.
9 Dei kunne få hogge rogn i almenningen utan utvising, da desse trea hadde lite verd.
10 Husmenn fekk ta rogn i gardsskogen
11 Ordet skavhella er heilt ukjent her
12 Noko slikt segn om nissen er ukjent
Her er 2 grannegardar som heiter Skavhaug. Rygh held det for at namnet kjem av at det er hogge tre til skav der. Dette skulle vel tyde på at skav har eingong i tida havt noko om seg.

9488
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING